

Til: Ass utanriksråd for utviklingssaker

Via: Norad's direktør

Frå: Evalueringsavdelinga, Norad

Kopi:

Seksjon for globale initiativ og likestilling, UD
Avdeling for helse og aids, Norad
Seksjon for etatsstyring, budsjett og forvaltning, UD
Ambassaden i New Delhi
Ambassaden i Lilongwe
Ambassaden i Abuja
Ambassaden i Islamabad
Ambassaden i Dar es Salaam

Vår ref.:
1000784-53

Arkivkode:
Skriv her for å søke fram en
arkivkode

Dato:
24.02.2011

Vår saksbeh.:
Siv Lillestøl

Notat

Studie av kor evaluerbare partnerskapsinitiativa for å oppnå tusenårsmåla 4 og 5 er

Dette notatet inneheld forslag til oppfølging av ein *evaluerbarhetsstudie* som er gjennomført av partnerskapsinitiativa som Noreg har inngått med India, Malawi, Nigeria, Pakistan og Tanzania. Studien vart gjennomført av det britiske selskapet Mott MacDonald Limited (HLSP).

1. Bakgrunn og føremål

Noreg har inngått avtale med India, Malawi, Nigeria, Pakistan og Tanzania om partnerskap der målet er å bidra til at tusenårsmåla om å redusere barnedød (mål 4) og forbetre helsa til gravide og fødande kvinner (mål 5), blir nådd innan 2015. I løpet av perioden 2006-2013 er det totalt sett av 1,225 mrd NOK til initiativa.

Føremålet med studien har vore å vurdere *evaluerbarheten* av dei fem initiativa. Dette inneber at ein blant anna vurderer om målsettingane med initiativa er tilstrekkeleg definert, slik at oppnådde resultat av partnerskapsinitiativa på eit seinare tidspunkt kan evaluerast på ein påliteleg måte.

Studien er gjennomført som ein deskstudie med intervju av forvaltarar og interesserte parter i Oslo, på ambassadar og hos enkelte partnerorganisasjonar. Vurdering av eksisterande prosjektdokumentasjon, baselinestudiar, forskning og evalueringar på området har og inngått i studiet.

2. Sentrale funn og tilrådingar

Partnerskapsinitiativa er svært ulike både når det gjeld kor lenge partnerskapa har vore i gang, kva type partnerar som er involverte og fagleg vektlegging. I ein evalueringssamanheng betyr dette at framtidige evalueringar av verknader (impact) må skreddarsyast til kvart enkelt initiativ, noko som igjen fører til at samanlikning av resultatoppnåing mellom dei ulike partnerskapsinitiativa vil vere vanskeleg.

Basert på funna i studien har evalueringsteamet lagt fram fleire tilrådingar om kva som kan gjerast for at resultata av aktivitetane kan betre målast i tida framover:

- Studien peikar på at partnerskapsinitiativa ikkje i tilstrekkeleg grad har klarlagt logikken (såkalla programteoriar) som initiativa byggjer på. Studien tilrår derfor at initiativa gjer målsettingane med dei ulike aktivitetane tydligare og at det blir klargjort korleis ressursar og involverte partnerar er tenkt brukt for at ein skal nå desse måla.
- Studien tilrår vidare at initiativa, i større grad enn det som er gjort i dag, tydeliggjer si eiga rolle innafør det komplekse donormiljøet som initiativa opererer i.
- Rapporten tilrår og at initiativa vidareutviklar systema for oppfølging og evaluering, slik at initiativa unngår å samle inn unødvendig informasjon. Eksisterande planar har, slik teamet ser det, for mange indikatorar som anten er vanskelege å måle /eller ikkje i tilstrekkeleg grad definerte.
- Vidare tilrår studien at partnerskapsinitiativa tek i bruk dei internasjonalt aksepterte indikatorane for overvaking av tusenårsmål 4 og 5 og at alle partnerskapsinitiativa bruker dei same indikatorane. Teamet foreslår at følgjande tre indikatorar blir brukte: Andel barn vaksinerte mot meslingar,

andel fødsler som skjer under tilsyn av opplært helsepersonell og dekning av kontroll etter fødsel.

3. Synspunkt frå involverte partar

Konklusjonane og tilrådingane i studien har vore drøfta med involverte partar i evalueringsprosessen. Hovudkonklusjonane vart presentert på eit møte i Styringsgruppa for tusenårsmål 4 og 5 i Utanriksdepartementet den 17. februar 2011. Rapporten vart og presentert og diskutert på eit seminar i Norad den 21. februar 2011. Tilbakemeldingar på rapporten tyder på at studien er nyttig og at tilrådingane i rapporten vil bli lagde til grunn i den vidare oppfølginga av partnerskapsinitiativa. Under seminaret vart det stilt spørsmål ved om ambassadane har tilstrekkeleg tid og ressursar til å ta denne type initiativ vidare i tråd med tilrådingane i rapporten.

Den politiske dimensjonen i partnerskapsinitiativa vart diskutert som ein kompliserande faktor når det gjeld klargjering av dei logiske modellane som partnerskapsinitiativa byggjer på. Systematisk dokumentasjon av eventuelle endringar i gjennomføringa av initiativa vart sett som viktig for at ein ettertid skal kunne evaluere resultat og resursbruk.

Spørsmålet om bruken av baselinestudie vart diskutert under seminaret. Det vart åtvåra mot å samle inn unødvendig informasjon. Før oppstart bør ein klarleggje kva type informasjon ein har behov for å samle inn. I tillegg bør ein skaffe seg oversikt over dei data som alt er tilgjengeleg, slik at ein unngår innsamling av informasjon som kan finnast andre stader (nasjonal statistikk, andre baseliner etc.).

4. Vurderingar og tilrådingar frå Evalueringsavdelinga

Evalueringsavdelinga meiner at rapporten har svart på mandatet. Kvaliteten på studien er etter vår vurdering god og funn og konklusjonar kan forsvarast.

Evalueringsavdelinga tilrår at studien blir vurdert og lagt til grunn i den vidare oppfølginga av partnerskapsinitiativa.